

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr |
|---------------------------|------------|--------|
| Forvaltningsstyre | 09.05.2018 | 020/18 |
| Kommunestyret | 19.06.2018 | 032/18 |

| | | |
|--------------------|----------------|-------------------|
| Saksansv. Kåre Bua | Arkiv K2 - L12 | Arkivsaknr 17/298 |
|--------------------|----------------|-------------------|

Plansak til 2. gangsbehandling - plan 201702 - E39 Arekryset

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Detaljregulering for E39 Arekryset, plan 201702 med tilhøyrande reguleringsføresegner (vist på kart sist datert 09.05.18) vert vedteken, jf. plan- og bygningsloven § 12-12.
2. Planen kunngjerast, og grunneigarar og rettshavarar varslast, jf. plan- og bygningsloven § 12-12.

Forvaltningsstyre 09.05.2018:

Behandling:

FV- 020/18 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg blei vedtatt samrøystes.

Kommunestyret 19.06.2018:

Behandling:

KS- 032/18 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt forslag til vedtak.

Saksutgreiing

Skildring av forslag til reguleringsplan:

Norconsult har på vegne av Statens vegvesen utarbeida forslag til privat detaljreguleringsplan for E39 Arekrysset i Bokn kommune.

Forslaget omfattar eit areal på 13 da. Formålet med planen er å leggje til rette for eit trafiksikkert T-kryss mellom Arevegen og E39, ca. 800 metar nord for ferjeleiet på Arsvågen.

Hovudtrekka i arealbruken er offentleg køyreveg med annan veggrunn, LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift (midlertidig riggområde i utbyggingsperioden) samt eit lite område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Overordna planar:

Planforslaget omfattar areal som i kommuneplanen er vist som LNFR med høvesvis raud og gul støysone langs E39. I sjøen er området satt av til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Like nord for planområdet er det i sjø satt av eit område med formål fiske.

Planforslaget vil erstatte delar av reguleringsplan 201404 E39 Rogfast Laupeland – Knarholmen, Tunnel og ventilasjonstårn på Krågå.

Det er ingen direkte tilgrensande reguleringsplanar. I området rundt Arsvågen er det andre reguleringsplanar og ei områderegulering knytt til utbygging av Rogfast.

Skildring av dei eksisterande forhold og planens hovudtema:

I gjeldande reguleringsplan er eksisterande Arevegen mot Arsvågen lagt inn som rigg- og anleggsområde. I planomtalen er følgjande sagt om rigg- og anleggsområdet: *«Sideareal til vegen er inkludert i rigg- og anleggsområdet for å få tilstrekkelig og hensiktsmessig areal til anleggsgjennomføringen. Frem til avkjøring til Laupland hytteområde, er det er satt av areal til både anleggsvei og lokalvei, samt planskilt kryssing mellom disse. Lokalveien kan gis et midlertidig kryss med dagens E39.»*

Det går ein kommunal vassleidning i planområdet som skal takast omsyn til i utbyggingsperioden. Omfanget av veganlegga i planen er vist i tråd med Statens vegvesen sine krav og til Karmøy kommune si vegnorm.

Se òg vedlagde planomtale.

Miljø, naturmangfald og forureining:

Området er allereie avklara som mellombels riggområde i gjeldande reguleringsplan, og

spørsmål om naturmangfold, vassmiljø og friluftsliv er dermed teken stilling til tidlegare.

Utsleppsløyve frå leidning vert gjeve i eigen søknadsprosess etter forureiningsloven. Det er retta rekkjefølgjekrav til at det skal gjerast utgreiing av naturmiljø i sjø før tiltak i sjø kan starte opp.

Planføresegnene set krav om attføring av jordmassar til jordbruksarealet. Arealet vil verte redusert med ca. 1 daa på grunn av ny veg. Det er òg satt krav om inngjerding av beitearealet etter at midlertidig deponi er avslutta.

Teknisk plan - vatn og avlaup:

Det skal utarbeidast ein teknisk plan som godkjennast av Bokn kommune før igangsetjing. Planen legg til rette for ein overvassleidning under bakken langs Arevegen, om nytt kryss til sjø. Det planleggjast kummar kvar 80. meter.

Planens innhald i eit folkehelseperspektiv:

Plan- og bygningsloven § 3-1 omhandlar oppgåver og omsyn som skal ivaretakast i planlegging etter loven. Lista over oppgåver er omfattande. I eit eige punkt er det formulert at planlegginga skal « fremje befolkninga si helse og motverke sosiale helseskilnader, samt bidra til å førebyggje kriminalitet»

Denne planen er vurdert i forhold til dette punktet, og teknisk sjef vurderer det slik at planen sitt innhald ikkje vil få negative konsekvensar i forhold til å ivareta befolkninga si helse, risiko for auka kriminalitet eller sosiale helseskilnader.

Økonomi/ gjennomføring av planen:

Gjennomføring av planen skjer på vegne av Statens vegvesen i samsvar med Rogfast. Den inneber ingen økonomiske bindingar for kommunen, anna enn det som ev. er avtalefesta gjennom Rogfast-utbygginga.

Sakshandsaming:

Forslag til reguleringsplan vart behandla av Forvaltningsstyret 1.gong i møte den 24.01.18 - sak 004/18 og følgjande vedtak vart fatta:

«Forvaltningsstyret vedtar ved 1. gangsbehandling at forslag til reguleringsplan for plan 201702 - E39 Arekryssset - datert 24.01.18 legges ut til offentlig ettersyn. Berørte grunneiere varsles, jf. plan - og bygningsloven § 5 - 2 og § 12 - 10.»

Planforslaget har vore utlagt til offentleg ettersyn med frist for merknader satt til 28.03.18.

Det er kommen inn følgjande høyringsfråsegner til planforslaget:

A. Høyringsfråsegner:

1. Rogaland Fylkeskommune, regionalplanavdelinga 15.03.18
2. Rogaland Fylkeskommune, kulturminneavdelinga 05.04.18 (etter frist)
3. Fylkesmannen i Rogaland 04.04.18 (etter frist)
4. Direktoratet for mineralforvaltning 12.03.18
5. Statens vegvesen, Rogaland vegkontor 06.03.18
6. Fiskeridirektoratet 20.03.18
7. Karmsund Havn IKS 26.03.18

B. Private merknader:

(Ingen)

Samandrag av høyringsfråsegner som inneheld merknader til reguleringsforslaget er, saman med den administrative vurderinga, vedlagd.

Rådmannen sine merknader:

Forslaget til reguleringsplan er handsama i samsvar med føresegnene i plan- og bygningsloven. Det føreligg ikkje motsegn frå fylkeskommunen eller statleg fagmyndigheit, og planen kan eigengodkjennast av kommunestyret.

Høyringsrunden har ikkje avdekka vesentlege konflikhtar knytt til forslag til reguleringsplan. Rådmannen vil i denne samanheng syne til den etterfølgjande gjennomgang av dei einskilde høyringsfråsegnene.

Det er i denne gjennomgangen ikkje foreslått endringar i planforslaget som krev nytt offentleg ettersyn. På bakgrunn av det som er sagt over, vil rådmannen rå til at planforslaget med tilhøyrande føresegner sist datert 09.05.18, godkjennast.